

Naturvernforbundet Hordaland  
Bredsgården 1E  
5003 Bergen

5. februar 2021

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

## **Høyringsfråsegn til Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) for Bergen og omland**

Me viser til Statnett si KVU som har vore på ute på høyring, og takkar for utsett høyringsfrist til 5. februar.

### **Om Naturvernforbundet Hordaland**

Naturvernforbundet Hordaland er eit av dei største laga i Naturvernforbundet, som er den eldste og ein av dei største miljøorganisasjonane i Noreg. Me har over 3500 medlem i gamle Hordaland og jobbar for ei samfunnsutvikling basert på berekraftig forvaltning av naturen.

### **Bakgrunn**

Statnett føreslår å bygga eit tredje samband til Kollsnes for å møta den planlagde forbruksauken i regionen Bergen og omland. Ifølgje Statnett utgjer ny industri to tredjedelar av den planlagde forbruksveksten, medan elektrifisering av petroleumsindustrien i Nordsjøen utgjer éin tredjedel. Den nye industrisatsinga inkluderer fleire nye næringsparkar som m.a. omfattar hydrogenproduksjon, CCS, samt fleire nye datasenter. På grunn av usikkerheita knytt til realismen i alle industriplanane, skisserer Statnett tre forbruksscenario. I KVU-en tilrår dei middel-scenarioet, som vil bety ein forbruksauke frå 700 MW til 1400 MW fram mot 2030, for etablering av ny industri på Kollsnes i Øygarden og Mongstad i Austrheim, samt elektrifisering av sokkelen. Statnett føreslår primært Samnanger som startpunkt for ei ny linje, men meiner at også Modalen kan vera aktuelt.

### **Samandrag av våre merknader til KVU-en:**

***I den vidare planlegginga av å finna løysingar på dei komande kraftutfordringane i Vestland, må energisparing og -effektiviseringstiltak vera første prioritet, i tråd med fylkeskommunen sin klimaplan. Statnett må i framtida ha eit langt større fokus på tiltak på forbrukssida når dei skal laga KVU-ar. I tillegg må spenningsoppgradering av eksisterande nett og fornying/oppgradering av eksisterande vasskraftverk vera ein sentral del av planen, og det må stillast strenge krav til energieffektivitet i etablering av ny industri. Å elektrifisera petroleumsindustrien meiner me er feilslått bruk av den knappe ressursen fornyeleg energi er. Her kan mykje energi sparast til fordel for etablering av framtidsetta industri på land.***

***Om nemnde tiltak ikkje vil vera tilstrekkeleg for å møta kraftbehovet, må lokal produksjon av t.d. solkraft i industriområda vurderast. Om det likevel vil vera trong for ei ny linje etter at alle nemnde tiltak er prioritert, må kabel utgreiast som fullverdig alternativ til luftlinje.***

## **Naturvernforbundet Hordaland kjem med følgjande merknader:**

### **1. Tiltak på forbrukssida – ein vesentleg mangel i KVVU-en**

Me stiller spørsmål ved at Statnett ikkje nemner Stortinget si nasjonale målsetting om å frigjera 10 TWh gjennom tiltak i bygg innan 2030 som ein del av utgreiinga. At gjeldande klimaplan for Vestland fylke<sup>1</sup> har som mål å redusera energibruken med 30% innan 2030 i forhold til 2007-nivå, er heller ikkje nemnd med eit ord. Me finn det kritikkverdig at Statnett ikkje viar tiltak på forbrukssida meir merksemd og seriøs drøfting som ein sentral og politisk vedtatt del av løysinga på energiutfordringane. Statnett sitt mandat<sup>2</sup> er også å leggja til rette for å realisera Noreg sine klimamål, og då må vedtekne politiske mål om energisparing og -effektivisering vera med i vurderinga når Statnett lagar konseptvalutgreiingar.

Ei storstilt satsing på energisparing og -effektiviseringstiltak i eksisterande bygningsmasse, har potensiale til å frigjera svært mykje fornybar energi som kan brukast til framtidsretta industriutvikling – og vil redusera behovet for ny produksjon og transmisjonsnett. Tiltak som vil bidra til å realisera målet om frigjering av 10 TWh, og fylkeskommunen sitt mål om 30% forbruksreduksjon i 2030, må vera ein del av løysinga på energiutfordringane i Vestland fylke. Som det står i fylkeskommunen sin klimaplan, skal energieffektivisering vera førstevelet i energistrategien. Dette må speglast i tiltaksplanen for Bergen og omland: energieffektiviserande tiltak og forbruksreduksjon må vera første prioritet, og eit reelt alternativ til kravet om meir produksjon og nettutbygging. Potensialet for oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftverk må også vera ein del av utgreiinga. Det må også stillast krav til energieffektivitet og utnytting av spillvarme når ny industri skal etablerast. Dei nemnde tiltaka vil også vera i tråd med FN sine berekraftsmål, der delmål 7.3 seier at me innan 2030 skal ha dobla innsatsen for energieffektiviseringstiltak i verda<sup>3</sup>.

### **2. Skrinlegg planane om elektrifisering av petroleumsindustrien**

Alle formar for energiproduksjon medfører negative konsekvensar for natur og miljø. Fornyeleg energiproduksjon er langt meir arealkrevjande enn fossil energi, og mange formar for fornyeleg energi er også avhengige av sjeldne og miljøskadelege metall som finst i svært avgrensa mengder på kloden. Dermed er også fornyeleg energi ein knapp ressurs.

Areal er også ein ikkje-fornyeleg ressurs, og me kan ikkje halda fram med å breia oss utover dei stadig krympande intakte naturområda som er att. Det biologiske mangfaldet er under så sterkt press at me no er inne i ei naturkrise i tillegg til klimakrisa. Me må ta vare på naturen som er igjen, både for å stoppa tapet av det livgjevande artsmangfaldet, men også fordi intakt natur har ei nøkkelrolle i forhold til å stoppa global oppvarming. Naturen lagrar enorme mengder klimagassar som vert frigjeve til atmosfæren når me øydelegg og skadar den. Den er også vårt beste vern mot klimaendringane som allereie er i gang: intakte økosystem absorberer enorme mengder nedbør som elles ville ha bidrege til endå større flaumar, dei robuste trea i naturskogane dempar kraftig vind og storm, og røtene held jorda på plass og vernar oss mot erosjon og reduserer faren for ras.

---

<sup>1</sup> [Klimaplan for Hordaland 2014-2030](#)

<sup>2</sup> <https://www.statnett.no/om-statnett/>

<sup>3</sup> <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/ren-energi-til-alle>

Derfor må leiestjerna i energisystemet vera å bruka energien så smart og effektivt som mogleg. Den fornyelege krafta må prioriterast til framtidsretta føremål der me veit med størst sikkerheit at tiltaket vil bidra til å redusera, og til slutt fasa ut, klimagassutsleppa. Er det klokt å prioritera å forsyna petroleumsindustrien med fornyeleg kraft frå land, når me veit at denne krafta er ein knapp ressurs som me treng til ei raskast mogleg omstilling til eit fossilfritt samfunn? Naturvernforbundet meiner at dette er ein uklok og lite framtidsretta bruk av fornyeleg kraft, på ein industri som uansett må fasast ut innan få tiår for å unngå dei farlegaste klimaendringane. Ferske analysar frå Olje- og energidepartementet (OED) tyder også på at elektrifisering av petroleumsindustrien vil vera eit dyrt tiltak med usikker klimaeffekt.

**For å elektrifisera petroleumsindustrien knytt til Bergen og omland, legg KVU-en til grunn eit behov på mellom 400 til 900 MW innan 2030. Me meiner desse planane må skrinleggast, og denne krafta må prioriterast til å leggja til rette for framtidsretta industriutvikling på land, som også kan gje fornyelege arbeidsplassar.**

### ***3. Sats på spenningsoppgradering***

Naturvernforbundet Hordaland er positive til etablering av industri som kan bidra til omstillinga til fornybarsamfunnet. Me meiner derfor det er viktig at dei initiativa som faktisk kan reknast som berekraftige, får tilgang til tilstrekkeleg kraftforsyning. Ved å satsa på storstilt energieffektivisering og -sparing, oppgradering av eksisterande vasskraftverk, og skrinlegga planane om elektrifisering av petroleumsindustrien, samt ved å stilla krav til energieffektivitet og utnytting av spillvarme når ny næring skal etablera seg, meiner me trongen for ei ny linje vil reduserast. Me meiner at full spenningsoppgradering av eksisterande linjenett då vil vera eit godt alternativ.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet Hordaland ved

Gabriel Fliflet  
Leiar

Synnøve Kvamme  
Fylkessekretær